

Selskapsavtale

Hallingdal brann- og redningsteneste iks

§ 1 Formål

1.1 Namn

Hallingdal brann- og redningsteneste iks er eit interkommunalt selskap som er oppretta med heimel i Lov om interkommunale selskap.

Deltakere i selskapet er: Ål kommune, 3570 ÅL - organisasjonsnummer 864952992
 Hemsedal kommune, 3560 HEMSEDAL - organisasjonsnummer 964952701
 Gol kommune, 3550 GOL - organisasjonsnummer 964952612.

1.2 Rettsleg status

Verksemda er eit eige rettssubjekt.

1.3 Formål

Kommunane Ål, Gol og Hemsedal har inngått avtale med formål om å ha ei felles brann- og redningsteneste, jfr brannvernlova § 9, andre ledd.

Selskapet skal ha ansvar for, og mynde til, å ivareta kommunane sine plikter etter brannvernlova med tilhøyrande forskrifter, med dei unntak som følgjer av lova sjølv. Selskapet skal treffe vedtak om å delegere mynde vidare til dagleg leiar/brannsjef.

Selskapet skal leggje vekt på kvalitet gjennom allsidig og høg fagleg kompetanse for dei utfordringar selskapet står framfor til ei kvar tid.

Selskapet sine oppgåver skal til ei kvar tid skje i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lover og forskrifter.

Kommunen kan legge anna arbeid til selskapet så langt dette ikkje svekker selskapet sin evne til å gjennomføre oppgåvene etter brannvernloven § 11. På same vilkår kan selskapet ta på seg andre oppgåver innanfor fagområdet utover det som er lovpålagt.

1.4 Hovudkontor

Selskapet sitt hovudkontor er plassert på Torpomoen i Ål kommune.

1.5 Eigiarforhold

Eigiarforholda mellom kommunane er:	Ål kommune:	38,1 %
	Gol kommune:	36,4 %
	Hemsedal kommune:	25,4 %

Fordelingsnøkkelen er ein sum av fordelingsnøklar for områda beredskap, førebyggjande, administrasjon og investeringar og skal vera dei faktiske kostnadane for kvar einskild eigar i.f.t. vedtatt branndokument med tilhøyrande risiko- og sårbarhetsanalyse. Fordelingsnøkkelen skal vurderast av representantskapet kvart 4. år.

Den enkelte deltakar hefter med heile sin formue for sin aktuelle eigarandel av selskapet sine samlede plikter, jfr. punkt 6.1.

Kvar kommune skal, innanfor sin kommunegrense, ha ansvar for å stille til disposisjon egna lokaler vederlagsfritt for selskapet si verksemd. Drift og vedlikehald av lokaler skal, dersom anna ikkje er avtala, ligge til kvar einskild eigarkommune.

§ 2 Administrative forhold

2.1 Materiell, utstyr og lokale

Bilar, utstyr og anna materiale som er i bruk i selskapet er selskapet sin eigedom. Lokaler og fastmontert utstyr/installasjonar er kvar eigarkommune sin eigedom. Kostnad i forhold til dette er regulert i punkt 1.5.

Kvar einskild stasjon skal vere likestilt med tanke på prioriteringar for innkjøp og investeringar av utstyr og køyretøy og befal og mannskap skal prioriterast likt m.t.p. kompetanseheving.

Selskapet har ikkje ansvar for kommunane sitt vassledningsnett, merking og vedlikehald av brannkummer o.l.

2.2 Dokumentasjon

Deltakarkommunane er ansvarleg for å at det føreligg eit godkjent brannokument med tilhøyrande risiko- og sårbarhetsanalyse for sin kommune. Dette er grunnlaget for dimensjonering av brannvesenet og fordeling av kostnader.

Eigarane kan ha ulik nivå på beredskap og brannførebyggande tenester då dette skal følgje akseptkriteriane til kvar einskild kommune. Dette skal koma fram i brannokumentet med tilhøyrande ROS-analyse. Fordelingsnøkkelen skal justerast etter dette.

2.3 Administrativ bistand

Vertskommunen skal utføre administrativ assistanse for selskapet, omfattande rekneskap, remittering, fakturering og lønsutbetaling. Vertskommunen skal også assistere brannsjefen og styret med kompetanse i personalsaker og andre saker der brannsjefen eller styret finn det nødvendig. Kostnad ligg til vertskommune for selskapet.

2.4 Delegasjonar

Kommunestyret i deltakarkommunane har etter delegasjonsvedtak i kommunestyret delegert sine oppgåver til selskapet sitt representantskap. Det er kvar einskild eigar sitt ansvar å sørge for at delegasjonsvedtaket er gyldig til ein kvar tid.

Det er utarbeidd delegasjonsreglement for selskapet.

2.5 Kommunenes Sentralforbund

Selskapet skal vere bedriftsmedlem i Kommunenes Sentralforbund.

2.6 Personvern og offentlegheitslova

Forvaltningsloven og Offentlighetsloven er gjeldande for selskapet.

2.7 Klageinstans

Klage i forhold til driftsoppgåver, ytingar eller tenester skal rettast styret for selskapet.

Utover dette gjelder forvaltningslova § 20.

§ 3 Representantskapet

3.1 Representantskapet

Det øvste organ for selskapet er representantskapet. Det skal ha 1 medlem frå kvar einskild eigar med personleg varamedlem.

Eigarane oppnemner sine representantskapsmedlemmer for ein periode på fire år. Representantskapet konstituerer seg sjølv og vel sin leiar og nestleiar.

3.2 Representantskapet sine oppgåver

Deltakarane i selskapet skal utøve sitt mynde i representantskapet og representantskapet er dermed selskapet sitt øvste mynde og skal handsame følgjande saker for selskapet:

- budsjettforutsetningar og -rammer
- årsmelding og rekneskap
- økonomi- og handlingsplan
- rammer for låneopptak
- val av styreleiar, nestleiar og to styremedlemmer med personlege varamedlemmer.
- val av revisor.
- andre saker som etter lov eller selskapsavtale skal handsamast i representantskapet eller som styret ønsker å legge fram for representantskapet.

Representantskapet skal kunne budsjettere med avsetjingar til utstyr- og investeringsfond og kunne avsetje eventuelt overskot på budsjettet til slikt utstyr- og investeringsfond. Slikt fond skal disponerast av selskapet sitt styre.

3.3 Møte i representantskapet

Leiar av representantskapet skal sørge for at det vert innkalla til møte der innkallinga skal skje med minst fire veker varsel. Det skal haldast to representantskapsmøter i året.

Leiar plikter å innkalle til ekstraordinært representantskapsmøte når styret, revisor, minst ein deltakarkommune eller minst ein tredel av representantskapet krev dette for handsaming av ei sak.

Møtet skal leiast av leiar eller nestleiar eller valgt møteleiar dersom ingen av dei førstnemnde er tilstades.

Kvar eigar har stemmetal i samsvar med eigarandel. Representantskapet kan fatte vedtak når minst halvparten av medlemmene er tilstades og desse representerer minst to tredeler av stemmene. Dersom stemmetalet er likt er møteleiaren si stemme avgjerande.

Styret sine medlemmer og dagleg leiar har rett til å vere tilstades ved møte i representantskapet og til å uttale seg. Leiar av styret og dagleg leiar har plikt til å vere tilstades ved representantskapsmøtet.

Møteleiar skal sørge for at det vert ført protokoll frå møtet. Protokollen skal skrivast under av møteleiar og to av representantskapet sine medlemmer som vert valgt ved start av møtet. Styret sine medlemmer og dagleg leiar har rett til å få sitt syn på ei sak innført i protokollen.

§ 4 Styret

4.1 Styret

Styret skal ha 5 medlemmer. Representantskapet skal velge 4 styremedlemmer med personlege varamedlemmer. Det femte medlemmet med personleg varamedlem skal vere valgt av og blant dei tilsette i selskapet. Representantskapet velger leiar og nestleiar.

Styret sine medlemmer skal velgast 4 år om gongen med unntak av den tilsette sin representant som skal velgast for 2 år om gongen. Valget skal følgje valperioden i kommunene.

4.2 Styret sine oppgaver

Styre skal forvalte selskapet etter delegering frå representantskapet og skal sjå til at selskapet vert drive i samsvar med selskapet sitt formål, selskapsavtala, selskapet sitt årsbudsjett og eventuelle andre vedtak og retningslinjer fastsett av representantskapet.

Styret skal avleggje årsrapport med rekneskap for selskapet som vert sendt representantskapet for handsaming. Styret skal disponere årsbudsjettet fritt innanfor dei rammene representantskapet har vedteke.

Styret representerer selskapet utad og har signaturrett for verksemda.

4.3 Møte i styret

Leiar og dagleg leiar kan krevje styret samla. Innkalling skal skje med rimeleg varsel og det skal saman med innkallinga følgje ei sakliste med tilhøyrande saker.

Møtet skal leiast av leiar eller nestleiar eller valgt møteleiar dersom ingen av dei førstnemnde er tilstades.

Som styret sitt vedtak gjeld det som fleirtalet av dei møtande har stemt for. Dei som stemmer for eit forslag, må likevel utgjere meir enn ein tredel av samtlege styremedlemmer for at forslaget skal vere vedtatt. Ved likt stemmetal er møteleiaren si stemme avgjerande.

Den tilsette sin representant i styret kan ikkje delta i styret si handsaming av tariffavtalar, i løns- og tarifforhandlingar samt dei begrensingar som kjem fram av forvaltningslova § 2 (enkeltvedtak og forskrifter).

Møteleiar skal sørge for at det vert ført protokoll frå møtet. Protokollen skal skrivast under av samtlege styremedlemmer som er med i møtet. Styremedlem og dagleg leiar har rett og plikt til å få sitt syn på ei sak innført i protokollen.

§ 5 Dagleg leiar

5.1 Dagleg leiar/ brannsjef

Dagleg leiar for selskapet er brannsjef i 100 % stilling. Styret tilset brannsjef i samsvar med avtaleverk og selskapet sine regler.

Dagleg leiar administrerer verksemda og har den daglege leiinga av selskapet. Dagleg leiar har ansvar for at arbeidsoppgåvene vert utført i samsvar med gjeldande regelverk og etter dei vedtak som er fatta av styret.

§ 6 Økonomi

6.1 Plikt til innskot, eigarandel og ansvarsfordeling

Kvar kommune er gått inn i selskapet med dei verdiar som kvar av kommunane med sine brannvesen var eigarar av/disponerer på etableringstidspunkt.

Den kostnad som er nødvendig for å dekke selskapet sine oppgaver og plikter vil vere med bakgrunn i vedteke branndokument for kvar einskild kommune. Kostnaden vil vere prosentvis eigarandel, jfr punkt 1.5, i forhold til den totale økonomiske budsjetttramme.

Tilskotet frå deltakarkommunane vert betalt inn til selskapet sin konto kvartalsvis - 1. januar, 1. april, 1. juli og 1. oktober.

6.2 Årsbudsjett, rekneskap og økonomiplan

Styret skal handsame budsjettet for kommande kalenderår og leggje dette fram for representantskapet til vedtak innan 1. september.

Budsjettet er ikkje endeleg før kommunedeltakarane sitt budsjett er handsama etter kommunelova § 45.

Underskot i forhold til vedtatt budsjett skal dekkast inn gjennom neste års drift av selskapet eller av disposisjonsfond. Overskot i forhold til budsjett skal settast av på disposisjonsfond for selskapet.

Selskapet kan, i medhald av lova § 22, ta opp lån til likviditetsformål innanfor ei ramme på kr 500.000,- av vertskommunen som vert fordelt etter fordelingsnøkkelen til selskapet.

Selskapet skal føre rekneskap etter kommunale rekneskapsprinsipp. Rekneskapet skal godkjennast av representantskapet.

Økonomiplanen skal omfatte dei 4 neste budsjettåra og gje ein realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver, herunder investeringsplanar og finansiering av desse i denne perioden.

6.3 Investeringar, lån og økonomiske plikter

Investeringar skal skje i selskapet etter fastsatt fordelingsnøkkel for investereringar, jfr. punkt 1.5. Det skal etablerast eit eige investeringsfond.

Etter vedtak i representantskapet kan selskapet ta opp lån til kapitalformål innanfor ei øvre totale ramme på NOK 12 mill. Låneopptak skal skje i norske kredittinstitusjonar. Låneopptak skal vedtakast i representantskapet og godkjennast av departementet (delegert Fylkesmannen).

Låneopptak skal berre kunne brukast til investeringar i anlegg, køyretoy og større utstyr som selskapet vil bruke i drifta.

Selskapet kan ikkje stille garanti eller pantsette sine eigedelar som garanti for andre sin økonomiske skyldnad. Selskapet kan ikkje sjølv låne ut pengar.

6.4 Revisjon

Selskapet skal føre rekneskap etter kommunale reglar. Sjå elles punkt 3.2.

6.5 Møtegodtgjersle

Representantskapet vedtek møtegodtgjersle for styre og representantskap. Møtegodtgjersle skal belastast selskapet.

6.6 Forhold til andre partar

Selskapet kan selge tenester og inngå avtalar om samarbeid med andre partar om tenestepå vanlege forretningsmessige vilkår.

§ 7 Varigheit - endring av selskapsavtale

7.1 Endring av selskapsavtala

Vesentlege endringar i selskapsavtala skal vedtakast av representantskapet for selskapet. Mindre endringar skal leggjast fram for representantskapet som meldingssak. Endring av selskapsavtala skal ha to tredeler fleirtal dersom det ikkje er fastsett anna i lov.

Opptak av nye deltakarkommunar kan skje ved reforhandling av selskapsavtala og krev samtykke frå deltakarane av selskapet.

7.2 Uttreden

Den enkelte kommune kan med eit års skriftleg varsel seie opp deltakarforholdet sitt i selskapet.

7.3 Oppløysing - avvikling

Forslag om oppløysing av selskapet skal vera einstemmig vedteke i representantskapet.

Selskapet sine verdier vert fordelt etter eigarandelane til deltakande kommunar. Representantskapet skal oppnemne eit avviklingsstyre som skal forhandle om eventuelle økonomiske konsekvensar. Avviklingsstyret velger sjølv sin leiar og nestleiar. Innkalling og sakshandsaming for avviklingsstyret skal vere som for styret, jfr. punkt 4.2 og 4.3. Avviklingsstyret representerer selskapet utad. Avviklingsstyret skal føreta ein oversikt over selskapet sine eigendeler og plikter og gjere opp balanse med sikte på avviklinga.

Avtala kan ikkje bringast til endeleg opphøyr før kommunane har fastsett og iverksett annan brannordning.

§ 8 - Godkjenning av selskapsavtale

8.1 Etablering og ikraftsettning

Hallingdal brann- og redningsteneste iks er etablert etter Lov om interkommunale selskap og i drift frå 01.01.2005.

Selskapsavtala er vedteke i eigarkommunane sine kommunestyre:

	Tidspunkt for etablering	Revisjon av selskapsavtale
Ål kommune:	20.01.2005	
Gol kommune:	01.02.2005	
Hemsedal kommune:	03.02.2005	

8.2 Øvrige bestemmelser

For øvrig gjelder den til ei kvar tid gjeldande bestemmelse i Lov om interkommunale selskap.

Stad:

Dato:

Ål kommune
v/ordfører
Ivar Brevik

Gol kommune
v/ordfører
Halvor Lilleslett

Hemsedal kommune
v/ordfører
Oddvar Grøthe